

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
022/23	Eldrerådet	PS	20.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hilde Revheim Sture	23/1334

Andre saker/spørsmål

Eldrerådet - 022/23

ELD - behandling:

Svar på spørsmål frå forrige møte:

Kommunalsjef helse-, omsorg og sosial, Kristin Ruud Myking gav slikt svar: Me er kjend med at det har vore vanskeleg å få tak i forvaltninga den siste tida. Me prøver no ut fast telefontid kvar dag mellom kl 10-14. Det har dessverre vore tekniske problem på telefonlinja, IKT arbeider med problemet og me håpar på snarleg løysing.

Heimetenesta prøver så godt det lar seg gjera at det er norsktalande som står for telefonkontakten. Dersom ein opplever utfordringar kan ein be om å få snakka med ein annan. Det er dessverre rekruteringsproblem og mangel på sjukepleiarar. Me nyttar vikarbyrå og det viktigaste er kompetansen slik at mottakarane får den hjelpen dei har krav på, me kan dessverre ikkje setje eigne krav til norskkompetane. Me har ei ordning med primærkontakt, slik at det er ein som kjenner mottakar som står for det meste av dialogen. Det er dessverre utfordrande i enkelte tilfelle, men me gjer vårt ytterste for at det skal vera god kommunikasjon.

Omsorg+

Vigdis Fossheim, leiar for eldrerådet var med på synfaring på Strømmehaven omsorgssenter i Kristiansand og ho ser at det er framtida, at personar med demens kan vera buande i omsorgsbustad i staden for på sjukeheimen, innafor eit lukka område der dei får større frihet til å bevega seg. Det var ein open kafé og på nokre avdelingar var det dyr, innbyggjarane hadde eigne rom med eigne møblar. Kristin Ruud Myking legg til at det er til stor hjelp for helsetenesta at råda var represenert slik at ein har ein god dialog frå start.

Solveig Hojem, frivilligkoordinator presenterte seg for råda. Ho skal ha ansvar for frivilligsentralen, planlagt opning 1.september, no arbeider dei med å få lokalet og systemet opp å gå. Det er ein del ulike rom som på sikt skal vera mogleg å låne for lag og organisasjonar, via frivillighetsentralen. Sentralen og aktivitetane dei skal i gong med skal administrerast via Solveig Hojem.

Aksel Låstad orienterer om melding frå handikapforbundet, vedkommande drosje og pasientreiser, rådet svarte forbundet og fekk tilbakemelding. Denne tilbakemeldinga førte til at handikapforbundet ba om eit møte med samferdselsministeren, det skulle vera 19.mai. Det kom ikkje noko ut av møte og det er framleis ikkje skrive referat. Det er bedt om eit nytt møte. Same problem gjeld for buss og tog.

ELD - vedtak:

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

Saksopplysningar: